



Det var mykje kjekt for både store og små på KOM DEG UT-dagen søndag.

Barnas Turlag arrangerte søndag 5. februar KOM DEG UT-DAGEN I Fjellhaugen skisenter. Mykje av snøen var tint vekk, men vi fann ein stad der det var nok snø til både aking og skikøyring.



Full fart!! Aking er GØY!!

Kom deg ut dagen er lagt opp spesielt for familiar med barn. Ein treng ikkje vera god å gå på ski eller ha andre innøvde ferdigheter. Alle er velkomne og alle får eit tilbod om aktivitet. Her var preparerte akebakkar, skiløyper, tursti og bålpanner der ein kunne grilla medbrakt mat.

Mange familiar, også frå Uskedalen var her og storkoste seg. Tilsaman var det ca 150 registrerte frammøtte.

Eit svært vellukka arrangement.



Mange kjekke aktivietar.

Tekst og foto: Kjell Yri.
Nett: Thor Inge Døssland